

Norske bønder tel på knappane

2023-05-03

Optional[© Klassekampen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

10 **Nyheter**

Onsdag 3. mai 2023

Klassekampen



UVISS FRAMTID: Mjølkebonde Martin Lyssand i Bjørnafjorden har framleis ikkje bygd om til lausdrift, som blir eit krav frå 2034. Om han blir siste generasjon som driv mjølkedrift på garden,

Norske bønder tel på knappane



er enno uvisst.

Inntektene søkk, gjelda stig og krava om investeringar er store. Mange pilar peikar i feil retning for bøndene.

LANDBRUK

Martin Årseth (tekst), Anne Kari Hinna (tekst og foto), Bjørnafjorden

■ Mjølkebonde Martin Lyssand i Bjornafjorden kommune i Vestland har drive garden i 20 år. Før han tok over, har foreldre, besteforeldre og oldeforeldre drive garden, men det er uvisst om

dottera kjem til å ta over.

– Rekneskapa for 2022 er ikkje ferdig enno, men eg synest økonomien var romsligare før, seier Lyssand.

64 prosent av norske bønder seier at lønsemda på gar-

den er ganske eller veldig dårleg. Det viser tal frå Landbruksbarometeret 2023 laga av Agri Analyse. Dei har gjort ei spørjeundersøking blant 1123 norske bønder.

I den same undersøkinga seier 64 prosent at dei ikkje planlegg å gjere investeringar på over ein halv million kroner. Når dei grunnjev kvifor, svarer 60 prosent at lønsemda er for låg til at investeringa svarer seg og 44 prosent at framtida i næringa er for usikker.

Frå 2000 til 2023 har gjelda til norske bønder auka med 215 prosent, medan marknadsinntektene har auka med 142 prosent.

Samstundes står mange bønder overfor avgjerda om dei skal bli med vidare når det frå 2034 er krav om at alle bås fjøs må over til lausdrift. Kravet vart vedteke i 2004 med plan om innføring i 2014, men har late vente på seg. Det vart først utsett til 2024 og seinare til 2034.

– Dei fleste har lagt ned

Bonden Martin Lyssand har 40 båsar til mjølkekyr og ein kvote på 280.000 liter. Det gjer han til den nest største mjølkebonden i gamle Os kommune.

Det gjev arbeid til om lag tre årsverk, og dei siste åra har han set seg att med 300–400.000 kroner for arbeidet. Lyssand har vore leiar for Os Bondelag tidlegare, men for å kutte kostnader har han meldt seg ut og slepper medlemspengane på 10.000 kroner.

Skal han investere i nytt fjøs, vil det koste ein stad mellom fem og ti millionar kroner.

– Dei fleste her har lagt ned sidan eg tok over for 20 år sidan.

– Kva trur du skjer?

– Eg trur ikkje det vert bygd om. Det har veldig mykje å seie kva kostnadane vert, seier han.


Flest i bås i Vestland

Om lag 62 prosent av mjølka i Vestland kjem frå kyr som står i lausdriftsfjøs. Likevel er det berre 52 prosent av dyra som gjer det, noko som er lågast i landet og landet som heilskap.

– Grunnen til det, er strukturen. Vi har dei minste gardsbruka i landet, seier assisterande landbrukssef hjå Statsforvaltaren i Vestland Bjørn-Harald Haugsvær.

Dei driv med oppsøkjande arbeid for å få flest mogleg over til lausdrift. Då besøker dei bønder som driv med bås fjøs, og tilbyr gratis rådgjeving der dei reknar på økonomien i investeringane, den økonomiske situasjonen på garden og diskuterer moglege løysingar.

Agri Analyse har spurt 1123 bønder: «**Hvordan vil du beskrive lønnsomheten (driftsresultatet) på ditt gårdsbruk i dag?**»



Lausdrift

■ I 2004 vedtok Stortinget at alle fjøs må leggje om frå bås fjøs til lausdrift. Det skulle gjerast til 2014, men har seinare vorte utsett til 2024 og til 2034.

■ 64 prosent av dyreplassane i Noreg er no i lausdriftsfjøs. Viken, Vestfold og Telemark og Trøndelag ligg best an med 78, 74 og 71 prosent.

■ Vestland har færrest dyr i lausdriftsfjøs med 52 prosent. For å handtere investeringa, må dei difor som regel auke produksjonen. 62 prosent av mjølka kjem frå lausdriftsfjøs.



Eg trur om lag 10 prosent vert med etter 2034.

Martin Lyssand, mjølkebonde

– Ein byggjer ikkje nytt fjøs for tolv kyr. Det er dei største som har bygd om, og det er dei minste som står att. Båsfjøs har i snitt ein kvote på 98.000 liter. Skal ein bygge nytt, må ein over 200.000. Det tyder at dei som skal bygge, må doble kvoten. Vi har og ein del som er mindre, så dei må anten tenkje alternativt eller tredoble kvoten, seier Haugsvær.

– Det ein betydeleg produksjonsauke og strukturendringar som skjer no. Det er bra for dyra å kome i lausdrift, men for den aktive bonden og bruk av jorda rundt gardsbruket, er det problematisk.

I Sverige har dei stilt krav om at nybygg får krav om lausdrift, men ikkje dei som driv vidare i gamle bygg. Det

har Innlandet Arbeidarparti stilt krav om i Noreg og.

– På Vestlandet hadde det vore heilt supert, seier Haugsvær.

I Vestland er det no 585 fjøs der kyrne står på bås. Statsforvaltaren jobbar for at flest mogleg vert med vidare, men Lyssand i Bjornafjorden er ikkje like optimistisk.

– Eg trur om lag 10 prosent vert med etter 2034, seier bonden.

Treng ein milliard frå staten

Bondelaget har kravd at halvparten av investeringane vert dekt av staten. Norsk institutt for bioøkonomi (Nibio) kostnadsrekna investeringane i 2021 til 18 til 23 milliardar kroner. No er dei tala 23 til 25 milliardar kroner.

– Då treng ein 12 milliardar berre til mjolk fram til 2034. Det er ein betydeleg sum, men ikkje ein dramatisk sum i norsk perspektiv. Ein kunne tenkje seg at det vart lagt på ein mjølke milliard, seier dagleg leiar i Agri Analyse Christian Anton Smedshaug.

Han meiner mjølkebonden står i ein spesielt vanskeleg situasjon.

– Det er utfordringar både med inntekt og investeringar, og så kjem kostnadsveksten i tillegg. Det er ikkje nok å heve løner, ein må heve evna til å gjere investeringar. Å få opp tilskotsdelen er det beste verkemiddelet for det på kort sikt, seier Smedshaug.

Han meiner landbruket er ein liten kostnad for totaløkonomien. Sidan 2000 har landbruksdelen på statsbudsjettet gått ned. Næringsstøtta er på 24 milliardar kroner i 2023, som tilsvarer 1,4 prosent av statsbudsjettet. I år 2000 var det 3 prosent.

– Det stig på statsbudsjettet, men søkk som prosentdel. Det er vanskeleg å få kostnadane lenger ned og det kostar om ein skal ha variert jordbruk over heile landet, seier Smedshaug.

martina@klassekampen.no